

leiar

Engasjér dykk

Nå er ho i gang for alvor, kommunereforma. At noko kjem til å skje med den noverande kommunestrukturen er det ingen tvil om – i alle fall viss den sitjande regjeringa klarar å halde tempoet oppe og gjennomføre endringar før neste stortingsval. For tempo er det. Her er det ikkje mykje nøling i svingane, og alle skal med – enten ein vil eller ikkje. Føringsane er tydelege og sterke, og slik forslaget frå regjeringa ligg, blir det endringar. Med eller utan velvillige kommunar. Det er nemleg slik at gulrøtene til dei som er endringsvillige ligg i økonomi. Jo kjappare og villig ein er til å gjere endringar, jo større støtte får den einskilde kommune. Underliggande i regjeringas forslag er at det ikkje er reell valfridom – å ikkje ville er ikkje grunn nok om styresmaktene finn det for godt at endring er best.

Tysdag denne veka arrangerte fylkeskommunen ein konferanse i Bø om den komande kommunereforma. Her blei mulege strukturar og vegar framover diskutert, samt at ein såg på meir prinsipielle innfalls-vinklar i forhold til framtidig samanslåing av kommunar. Nettopp det er viktig i den debatten som nå må kome om struktur: Ein er nøydd til å sjå på dei naturlege grensene og likskapen i kommunar før ein kjem med planforslag, og ein må sjå korleis samarbeid kan fungere slik at små lokalsamfunn fortsatt kan leve godt med ei ny reform der ein blir del av ein mykje større kommune.

På vegen mot ny kommunestruktur er det viktig at alle får seie sitt, og at alle blir høyrte. Det gjeld alle innbyggjarar og alle miljø. Derfor er det viktig at kvar og ein av oss engasjerer oss nå. Det er nå me har sjansen til å kome med innspel og gode idear til dei som styrer på vegner av oss. Me må ikkje kvile på dei til prosessen har kome så langt at det er for seint. Det er i dag me skal debattere kommunestruktur – ikkje etter at vedtaka er gjort.

I denne debatten får ein også håpe at ein ser samarbeidsvilje og evne til å vere opne for nye synspunkt. Kanskje skjular det seg ei god løysing der framme som me alle, tross alt, kan leve godt med i framtida.

«Det er i dag me skal debattere kommunestruktur – ikkje etter at vedtaka er gjort»



Aukande interesse. – Folk har blitt flinkare til å ta vare på kroppen sin, meiner Claudia Næs.

Hudpleie på flyttefot

– Gullbring er ein spennande plass som mange menneske er inno. Det seier Claudia Næs som flytter salongen sin frå Lunde til Bø.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Sidan 2011 har Claudia Næs drive hudpleiesalong i Lunde. Først i lokale i Lunde sentrum, seinare flytte ho heim i samband med at ho fekk barn.

– No vil eg satse i Bø, eg trur det er betre kundegrnlag her, sjølv om det er bra i Lunde òg, seier Næs.

Ho har elles alt kundar frå Bø som har funne vegen til Lunde.

Eitt års utdanning

Næs var ferdig utdanna i faget i

juni 2011. Då hadde ho gått eitt år på Tango Akademiet i Porsgrunn på linja for hud og kroppspleieterapeut. Ho fortel at der lærte ein om pedikyr, det vil seie fotpleie. Det var mest den kosmetiske delen. Dessutan manikyr, handpleie, og ulike typar massasje. Hudpleie stod også på timeplanen, det same gjorde voksing av kroppshår.

– Me hadde også andre fag som anatomi og kosmetisk kjemi, og me lærte om korleis huda er bygd opp, seier Næs.

Aukande interesse

– Er det endring i interessa for kroppspleie?

– Ja, folk har blitt flinkare til å passe på kroppen sin, meiner Næs.

Ho fortel at mange som har problem med ryggen kjem for å

få massasje. Næs gir massasje for heile kroppen.

– Det er mest damer som kjem her, men også menn. Mennene får gjerne massasje for ryggen, seier Næs.

Satsar på kvalitet

Ho tykker det er ei god løysing å vere i Gullbring, ikkje minst sidan ho driv åleine. Næs vil heller ikkje avbryte behandlinga for å ta telefonen og har telefentid.

– Kundane skal få den tida dei har betalt for, eg går ikkje frå kunden for å ta telefonen. Eg er opptatt av service og god kvalitet på behandlinga, då blir kundane nøgde og kjem att, seier Næs.

Bøblad

27. årgang. Skipa 1986.

Godkjent opplag i 2013: 2501
Medlem i Landslaget for lokalaviser (LLA)

Adresse:

Postboks 104, 3833 Bø i Telemark
Besøksadresse: Bøgata 69
Tlf. 35 95 19 45
Faks: 35 95 40 28

Opningstider: Kl 9-15.

www.boblad.no

pdf versjon: buyandread.com



Redaktør/dagleg leiar:

Hilde Eika Nesje
947 89 450
redaksjon@boblad.no



Journalist:

Øystein Akselberg
906 38 453
oystein@boblad.no



Journalist:

Marta Kjøllesdal
976 88 692
marta@boblad.no



Salsansvarleg:

Rune Digranes Bøen
950 85 949
marked@boblad.no



Grafikar/annonse:

Dag Einar Hvitsand
911 52 320
grafisk@boblad.no



Avismedarbeidar:

Synnøve Sudbø Kleppe
35 95 19 45
annonse@boblad.no

Frilansarar:

Karen Anne Grindem
Glenn Isaksen
Jon Bjones
Eline Junliang Vestgarden
Eline Nesje

Avfotografering eller gjenbruk av stoff, bilete og annonsar utan avtale

er ikkje tillatt. Innsendt stoff blir til vanleg ikkje honorert med mindre anna er avtalt. Bøblad forbeheld seg retten til å publisere innsendt stoff også i vår nettutgåve.

Abonnementsprisar:

Halvår kr 490,- heilår kr 820,-
Studentab. kr 490,-
Tillegg utlandet.
Bestill på sms: 406 24 528
eller epost: abonnement@boblad.no

Annonsefrist:

Måndag kl. 14

Større annonsar:

Fredag kl. 10.00 veka før innrykk.

Utgjeve av Bøblad AS
Org nr.: 842 831 032
Bankgiro: 2630 05 04360
Trykk: Nr1 Trykk AS, Larvik

PFU Bøblad arbeider etter «Vær Varsom-plakaten»

sine reglar for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein først tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utval, (PFU), som er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. PFU handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål. Adresse: Rådhusgata 17, Postboks 46 - Sentrum, 0101 Oslo. E-post: pfu@presse.no Tlf: 22 40 50 40 - Faks: 22 40 50 55